



Osterøy kommune - sektor for samfunnsutvikling (VA)
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Referansar:
Dykkar: Roald Hovden
Vår: 21/2516 - 23/11169

Saksbehandlar:
Marit Nedreli
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:
16.05.2023

60/73, 60/70, 60/9, 60/4, 60/107, 60/108, 60/109, 60/17, 60/68, 60/69, 60/84, 60/34 - Votlo - Legging av overvass- og drensleidningar - ferdigattest

Administrativt vedtak. Saknr: 135/23

Tiltakshavar: Osterøy kommune - sektor for samfunnsutvikling (VA)
Ansvarleg søkjar: Asplan Viak AS
Tiltak: Legging av overvass- og drensleidning
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Kommunedirektøren sitt vedtak:

"Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for legging av overvass- og drensleidningar på gnr. 60 bnr. 73, 60/70, 60/9, 60/4, 60/107, 60/108, 60/109, 60/17, 60/68, 60/69, 60/84, 60/34."

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 27.09.2021 saknr. 328/21. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles synt til søknad motteken 02.05.2023 og melding om endringar motteke 02.05.2023.

Skildring

Adresse:	Gnr. 60 bnr. 73, m.fl.
Bygningstiltak:	Legging av overvass- og drensleidning

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 13-1, 6. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/2516.

Med helsing

Tore Johan Erstad
leiar

Marit Nedreli
fagansvarleg byggjesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Asplan Viak AS	Postboks 24	1301	SANDVIKA
Osterøy kommune - sektor for samfunnsutvikling (VA)	Postboks 1	5293	LONEVÅG